

Alver kommune  
Miljø og tilsyn  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8925 - 21/75349

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
12.11.2021

## Uttalelse - gbnr 304/1 og 304/25

Eining for Plan og byggesak har den 20.10.2021 motteke førespurnad om uttale knytt til graving i forureina grunn. Spurnaden er om tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova.

### Bakgrunn

Tiltaket skal utførast i områder med mellomlagrede masser i jordtipp på eigedom med gbnr 304/25 (svart rutenett) og i områder med tilførte masser på eigedom med gbnr 304/1 (lysegult felt). Det blei den 15.03.2005 gitt vedtak til etablering av jordtipp på bnr. 25. Vedtaket omfatta eit område på 2 dekar med tipphøgda på tre meter i gjennomsnitt (6000 m<sup>3</sup> jordmasse). Ein kunne ikkje finne ferdigattest knytt til dette.



Figur 2: Tiltaksområdet ved Meland golfbane inkluderer jordtipp (svart rutenett) på eiendom med gnr./bnr. 304/25, og tilførte jord- og steinmasser (lysegult felt) samt hogst (brun skravering) på eiendom med gnr./bnr. 304/1. ©ArcMAP/norgebilder.no

Vi forstår det slik at alle tilførte masser på eigedom med bnr. 1 skal fjernast, og har ein mektighet på mellom 2,1 og 5,5 m. Frå eigedom med bnr. 25 (jordtipp) skal det berre fjernast masser med påvist forureining. Det totale omfang av det som skal fjernast er ikkje kjent.

### Vurdering

Etter pbl. § 20-1(1)(k) er vesentlege terrenginngrep å anse som tiltak etter loven, med den verknad at dei er søknadspliktige etter §§ 20-2 og 20-3. Både inngrepets storleik og omgivnadene inngrepet skjer

i skal tas i betraktning. Det overordna målet er å bevare karakteristiske kulturlandskap, kulturminna og kulturmiljøa jf. ot.prp. nr. 45 (2007-2008) s. 238.

Vi vurderer det slik at omsynet i utgangspunktet ikkje gjer seg sterkt gjeldande i tiltaksområdet. Kva gjeld inngrepets nøyaktige storleik, er dette som nemnd ikkje kjend, men på bnr. 1 har massane som skal fjernast ein mektighet på mellom 2,1 og 5,5m. Sjølv om omsyna bak regelen ikkje slår sterkt inn i området, må inngrepets storleik sjåast i lys av nedre grense for søknadspliktige inngrep. I følgje SAK10 § 4-1(1)(f)(7) vil avvik større enn 3 m frå opphavleg terreng i spreidd bygd strøk ikkje vere fritatt søknadsplikt. Tiltaket reknast difor å være søknadspliktig etter §§ 20-2 og 20-3.

Tiltaksområdet har elles arealføremål næringsverksemd i gjeldande kommuneplan for Meland, og omfattast av kravet om reguleringsplan i KP pkt. 1.2.1. Tiltaket er ikkje fritatt etter pkt. 2.1.1 b og krev difor dispensasjon frå plankravet.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG